

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for drift og utvikling	11.12.2012	HKD	117/12
Utval for drift og utvikling	18.06.2013	HKD	034/13
Kommunestyret	19.06.2013	HKD	046/13
Kommunestyret	25.09.2013	HKD	063/13

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Hans Kristian Dolmen	HKD	N-504	11/1397

REGULERINGSPLAN FOR ELVAÅSEN - FREKHAUG. 2.G. HANDSAMING - ENDELEG VEDTAK

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	18.05.2011	Plan Vest AS	OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID
2	I	22.03.2012	Plan Vest AS	INNSENDING AV REVIDERT FRAMLEGG TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR UTKIKEN BUSTADOMRÅDE - GNR 23 BNR 1 M FL.
4	I	21.05.2012	Plan Vest AS	VS: UTKIKEN, FREKHAUG GNR 23 - 1 - M.FL. REGULERINGSPLANARBEID - DETALJREGULERING - MELAND KOMMUNE - KRAV OM ARKEOLOGISK REGISTRERING
5	I	20.08.2012	Plan Vest AS	VS: UTKIKEN. - PLANSKILDING, FØRESEGNER, PLANKART M.M.
6	I	31.08.2012	Plan Vest AS	VS: UTKIKEN.
7	I	31.08.2012	Plan Vest AS	VS: UTKIKEN.
8	U	14.12.2012	Plan Vest AS	REGULERINGSPLAN FOR ELVEÅSEN - FREKHAUG. 1.GONGS HANDSAMING.
9	U	28.02.2013	62 mottakere...	REGULERINGSPLAN ELVAÅSEN - OFFENTLEG ETTERSYN
10	U	28.02.2013	fmhopostmottak@fylkesman nen.no hfk@hfk.no firmapost-vest@vegves	OFFENTLEG ETTERSYN - REGULERINGSPLAN ELVAÅSEN - MELAND KOMMUNE

11	I	09.04.2013	Statens vegvesen Region vest	VS: REGULERINGSPLAN ELVAÅSEN - UTTALE.
12	I	12.04.2013	Fylkesmannen i Hordaland	VS: MOTSEGN - OFFENTLEG ETTERSYN - MELAND - GNR 23 BNR 1 MFL - UTKIKEN - ELVÅSEN - FREKHAUG - REGULERINGSPLAN - PLANID 125620110003
13	I	12.04.2013	Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga	FRÅSEGN - HØYRING AV FORSLAG TI DETALJREGULERING FOR ELVAÅSEN
15	I	28.05.2013	Fylkesmannen i Hordaland	VS: TREKKJING AV MOTSEGN - MELAND - GNR 23 BNR 1 MFL - UTKIKEN - ELVÅSEN - FREKHAUG - REGULERINGSPLAN - PLANID 125620110003

Vedlegg

- Planskildring med ROS-vurdering, datert 17.08.2012
- Plankart, datert 17.08.2012
- Føresegner, datert 17.08.2012
- 3D-illustrasjon, datert 09.03.2012

Saksutgreiing:


Meland kommune har i dokument innstempla 26.03.2012 motteke framlegg til detaljreguleringsplan for Elveåsen bustadområde. Framlegget har seinare vore revidert med bakgrunn i varsel/krav om omfattande arkeologisk registrering. Etter samråd med administrasjonen vart framlegget endra og reviderte plandokument motteke 20.08.2012.

Framlegget er levert av Ard Arealplan AS på vegne av forslagsstillar Nordhordland Indremisjon. Framlegget omfattar planskildring, føresegner, plankart og 3D-illustrasjon. Planframlegget er tildelt planID 1256 2011 0003 og har hatt førebels plannamn "Utkiken". Plandokumenta vil mellom anna verte tilgjengelig i digitalt planarkiv (BraPlan) via Meland kommune si heimeside.

Kommuneplanens arealdel

Når det gjeld kommuneplanens arealdel ligg planområde sør for Frekhaug sentrum ved Mjåtveitvegen mellom planområda Løypetona og Mjåtveitelva. Området er i gjeldande arealplan lagt ut til føremål bustad og med krav om utarbeiding av reguleringsplan. Framlegget er slik sett i tråd med overordna plan. Sjå elles planskildringa for omtale av planområdet (s.7-16).


Utsnitt gjeldande arealplan



Føremålet med planarbeidet og planområde

Planarbeidet er i tråd med intensjonen i arealplanen. Gjennom detaljreguleringa skal ein leggje til rette for bustader med tilhørande tekniske anlegg. Vidare skal særleg tilhøve til Mjåtveitelva, friluftareal (grøntstruktur og strandsone) og ferdselsveggar takast i vare.

Utsnitt av framlegg til detaljplan Elveåsen – Øvre del med tilslutning til Mjåtveitvegen



Planprosess

Det vart gjennomført oppstartsmøte med Meland kommune 20.01.2011 med gjennomgang av planområdet og rammer for gjennomføring av planarbeidet. Oppstart om planarbeid blei varsla 18.05.2011 med direkte varsel til offentlege instansar, naboar og grunneigarar. Kunnngjering vart gjort i avis 21.05.2011. Innan svarfristen 07.07.2011 hadde plankonsulentten motteke 5 merknader. Alle var frå offentlege mynde eller aktørar.

Vurdering:

Framlegget til plan er i tråd med overordna plan og føremåla, utforming og innhald er innan for dei rammer som det vert stilt krav om. Tilhøve til tekniske anlegg som veg, vatn og avlaup kjem fram i planskildringa og krav til opparbeiding og gjennomføring følgjer i føresegnene. Grunnlaget for gjennomføring vil følgje etter godkjent plan og påfølgjande utbyggingsavtale.

Innkomne merknader til oppstart

Merknadene er kommentert av plankonsulenten og berre supplert av administrasjonen. Gjennomgang syner at der ikkje er særlege eller vesentlege merknader til planframlegget. Sjå gjennomgang i planskildring (s.31).

Ei tid etter fristen og etter at kommunen hadde motteke plandokumenta vart det frå Hordaland fylkeskommune likevel varsla ei relativt stor (i areal) arkeologisk kartlegging. Då dette arealet i all hovudsak låg i areal avsett til førmål friluftsliv/grøntstruktur valde tiltakshavar å justere plangrensa slik at arealet ikkje ligg innanfor planområdet. Dette i samråd med administrasjonen.

Merknad frå	Innhald	Kommentar/vurdering
Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger	<ul style="list-style-type: none">• Generell gjennomgang• Leggjast til rette for trafikksikre løysingar• Trafikkløysingar må dimensjonerast i samsvar med handbok 017	<ul style="list-style-type: none">• Handbok 017 er i hovudsak lagt til grunn for utarbeiding av trafikkareal i planen
BKK Nett AS Kokstadvegen 37 P.b. 7050 5020 Bergen	<ul style="list-style-type: none">• Ikkje høgspent i planområdet• Eksisterande strømfordelingsanlegg i området vil sannsynlegvis ikkje vere tilstrekkeleg for planlagde tiltak. Næraste nettstasjon er ved Paktarhusmyra• Høveleg areal for nettstasjon må planleggast.	<ul style="list-style-type: none">• Ein har opna for at nettstasjon kan oppførast i AVG01 eller AVG02, samt ØK02 dersom naudsynt. BKK sine retningsliner skal gjelde.
Fylkesmannen i Hordaland Kaigaten 9 5020 Bergen	<ul style="list-style-type: none">• Framlegg til plan i tråd med arealplan• Føreset at planen ikkje strider mot nasjonale føringar i arealpolitikken	<ul style="list-style-type: none">• Dei nasjonale føringane er lagt til grunn for utforminga av planen.
Hordaland Fylkeskommune P.b. 7900 5020 Bergen	<p>Oversending 22.06.2011</p> <ul style="list-style-type: none">• Har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i området• Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø må dokumenterast• Ei SEFRAK-registrert bygning i planområdet• Vil utføre synfaring for å vurdere om det kan vere kulturminne i området. <p>Oversending 07.05.2012</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er gjennomført synfaring• Det vil vere naudsynt med arkeologisk registrering• Kostnader belastast tiltakshavar og overslag må aksepterast• Ber om skriftleg godkjenning	<ul style="list-style-type: none">• Verknadar på kulturminne og kulturmiljø er vurdert som ein del av planskildringa under punkt 9.6.• Med grunn i kostnadsoverslag valde tiltakshavar å endre planområdet• Endringa gjeld ikkje areal lagt ut til bustadføremål i arealplan
NGIR Kjevikdalen 5956 Vågseidet	<ul style="list-style-type: none">• Det må setjast areal av høveleg storleik til oppstilling av bossdunkar og tilkomst for renovasjonsbil• Tilkomsveg og snuplass må vere dimensjonert for renovasjon og brøyting	<ul style="list-style-type: none">• Høvelege areal er sett av i planen

Plannamn

Plankonsulent har gjeve framlegget til plan tittelen "Utkiken". Etter samråd med kulturkontoret og matrikkel-/adresseansvarleg er det ønskjeleg å endre plannamnet slik at det betre kan koplant til adressenamn. Frå Mjåtveitvegen er det eksisterande veg inn i planområdet som heiter "Elvavegen". På Frekhaug er det berre ei elv (Mjåtveitelva) og sett i samanheng med eksisterande vegnamn vil Meland kommune ha endra plannamnet til "Elvaåsen".


Om planframlegget

Planskildringa (s. 17-24) gjev eit grundig og utfyllande bilete av korleis utbygginga skal gjennomførast. Det vert lagt opp til ei relativt høg utnytting (BYA = 40%) av sentrumsnære bueiningar. Plankonsulenten peikar på at godt oppvekstmiljø, omliggjande friluftskvalitetar, omsyn til Mjåtveitelva og landskapstilpassing har særleg fokus. Dei generelle rammene knytt til mellom anna leik- og uteopphaldsareal, parkering, trafikk og universell utforming synes fullnøydande tekne vare på.

Vatn, avlaup og sløkkevatn

Planområdet er lagt ut i gjeldande arealplan til bustad og det ligg offentleg vatn – og avlaupsanlegg i området. Utsnittet syner eksisterande bygningar, veganlegg og leidningstrase for vatn og kummar. Godkjent VA-plan før tiltak ligg som rekkjefølgjekrav i føresegnene og vert teken vidare i utbyggingsavtale. Tilkoplingar skal skje i eksisterande eller ny kum og eventuelle naudsynte utvidingar av eksisterande anlegg må tiltakshavar gjennomføre.

Utsnitt nordre del av planområdet med eksisterande vatn- og avlaupsanlegg



Særlege plantema

- Mjåtveitelva
Arbeid i og kring Mjåtveitelva har ei særleg merksemd. Det vil verte stilt særskilte krav i høve til avrenning mot vassdraget. Dette gjeld særskilt i anleggs- perioden. Meland kommune har det siste året hatt svært nyttig samarbeid med annen utbyggjar. Erfaringane her vil verte tekne vidare både i plandokumenta og ved gjennomføring. Sjå særleg føresegnene § 2.4 om rekkjefølgje og § 3.3 om tiltak i LNF-område
- Grøntstruktur
Mjåtveitelva og tilliggjande grøntområde frå sjøen og opp mot Sagstad er eit sær viktig landskapsdrag, miljøelement og friluftsområde for Frekhaug. Knytt til rullering av arealplan vert dette grøntdraget teke særskilt opp. Alle nye tiltak vert vurdert i høve til dette.

- **Ferdselsveggar**
Elvevika ved elvas utløp er eit urørt område og ligg knytt til sikra friluftsområde. Det går mykje brukt sti langs elva som kan knytast til Elveåsen bustadfelt. I plankartet er det vist sti gjennom nordre del av grøntområde (o_LNFRF01) frå bustadfeltet og ned til eldre steinbru over elva. Mot Frekhaug senter er det no eksisterande fortau langs Mjåtveitvegen til busstopp og tilknyttande gangveggar mot skule, barnehage og andre sentrumsfunksjonar.

Om naturmangfaldlova

Arealet er lagt ut i gjeldande arealplan til bustad og det er eksisterande bustader dels i og dels tett opp til planområdet. Ein gjennomgang av tilgjengelege data frå mellom anna Naturbase, artsdatabanken avdekkjer ikkje spesielle tilhøve i planområdet. Heller ikkje planskildringa gjev uttrykk for at det er særlege verdiar i området. Registreringane knytt til elveperlemusling er kjend og det går føre seg eit arbeid knytt til dette. Ein meiner at tilhøva knytt til naturmangfaldlova (§§ 8-12) ikkje gjer seg gjeldande her.

Om kulturminne

Ved oppstart av planarbeidet ønskte ein å regulere strandsona som friluftsområde, i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Som nemnd ovanfor vart plangrensa trekt tilbake på bakgrunn av krav om arkeologisk registrering i friluftsområdet. Grunnlaget for kravet var at søre del av friluftsområdet har ei høgde over havet og topografisk utsjånad som kan vere godt samanfallande med tidlegare aktivitet.

Friluftsområdet er i alle høve sikra i kommuneplanen og treng formelt ikkje handterast i reguleringsplanen. Det er mogleg at søre del av planområdet (f_BK19 og 20) framleis kan røra ved interessante areal. Det er elles ikkje registrert automatisk freda minne og berre mindre førekomst av nyare minne (steingard, torvhus o.l.). Men til dømes vil nemnde steinbru over elva vere viktig å ta i vare. Sjå føresegnene § 2.7.

Konsekvensar og ROS-vurdering

Administrasjonen sitt overordna syn er at ved gjennomføring av planlagde tiltak er det ikkje særskilte tilhøve knytt til risiko- og sårbarhet. Planskildringa (s.28-30) har i detaljert ROS-analyse for planområdet. Denne avdekkjer ikkje tilhøve som skulle vere særskilt utfordrande eller medføre krav om tilleggsvurderingar. Planområdet vert ikkje særleg råka av tilhøve knytt til naturbasert sårbarhet, eller ulukke knytt til trafikk. I høve til beredskap vil Lindås og Meland brannvesen vere høyringspart.

Utfordringar for gjennomføring

I utgangspunktet ser ikkje administrasjonen særskilte utfordringar knytt til gjennomføring av dette planområdet. Tiltakshavar kan byggje på eksisterande infrastruktur og det vil verte fremma krav gjennom føresegn og/eller utbyggingsavtale om eventuelle utbetringar av eksisterande anlegg. Omsynet til Mjåtveitelva vil vere viktig, men ein ser ikkje no at det skal verte utfordrande.

Konklusjon / oppsummering

På bakgrunn av den mottekne dokumentasjon og skildringa som er gjeve for rekkjefølgje og gjennomføring ser ein ikkje at det er sentrale plantema som ikkje er teken opp. Plandokumenta er grundig gjennomarbeid og gjer eit avklarande bilete for utvikling bustadområdet.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Utval for drift og utvikling vedtek å leggje framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10.

Planområdet vert gjeve namnet ”Elvaåsen bustadfelt” og har planID 1256 2011 0003.

Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjeringsdato. Gebyr for handsaminga skal vera betalt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.”

11.12.2012 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MGD:

”Reguleringsplan, planområde Elvaåsen, må skyvast ut på ubestemt tid for å minska det store presset som alt er på utbygging, tilflytting og kommunalt kostnadsnivå. Planstart no vil ytterlegare svekka ein alt kriseprega kommuneøkonomi.”

Framlegg til vedtak i møtet:

”Som framlegget frå administrasjonen med følgjande tillegg til første setning: Utbyggingstakt skal inngå i utbyggingsavtalen, jf føresegnene § 2.3.”

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG, 1 røyst for, 8 i mot (FrP, H, AP, V og SP) og fall.

Framlegg til vedtak i møtet fekk 8 røyster for, 1 i mot (MDG) og er såleis vedteke.

UDU-117/12 VEDTAK – MOT 1 RØYST (MDG) :

”Utval for drift og utvikling vedtek å leggje framlegg til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10. Utbyggingstakt skal inngå i utbyggingsavtalen, jf føresegnene § 2.3.”

Planområdet vert gjeve namnet ”Elvaåsen bustadfelt” og har planID 1256 2011 0003.

Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjeringsdato. Gebyr for handsaminga skal vera betalt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.”

UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING 18.06.2013 – 2.G. HANDSAMING – ENDELEG VEDTAK

Vedlegg

Saksutgreiing:

Etter vedtak i Utval for drift og utvikling 11.12.2012, sak 117/12 vart framlegg til plan med tilhøyrande plandokument lagt ut til offentleg ettersyn. Direkte berørte partar og offentleg mynde vart tilsendt plandokumenta. Plandokumenta var elles tilgjengeleg i resepsjonen på Rådhuset, på heimesida til Meland kommune og i digitalt planarkiv BraPlan. Høyringsperioden var frå 01.03 – 12.04.2013.

Innkomne merknader

Då fristen for offentleg ettersyn var gått ut var det kome inn 3 merknader. Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen hadde generelle, men ikkje særskilte merknadar, medan Fylkesmannen fremja motsegn knytt til tilhøve langs Mjåtveitelva. Motsegna kunne komast i møte gjennom endring og presisering i føresegnene samt bruk av omsynssone i plankartet.

Merknad frå	Innhald	Kommentar / Vurdering
Statens vegvesen Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger	<ul style="list-style-type: none">• Ynskjer frisisiktsone i krysset mellom Mjåtveitvegen og Elvavegen• Ynskjer fortau langs Mjåtveitvegen trekt inn 5m ved Elvavegen for event. kyssing og forlenging av fortauet i framtida• Ynskjer at busshaldeplass langs Mjåtveitvegen vert utvida og utforma universelt• Maks.tal for tal på parkeringsplassar• Min.tal for innandørs sykkelparkering i område for konsentrerte bustadar• Krav om maks.tal for støy på alle uteoppfallsareal	<p>Plankonsulenten:</p> <ul style="list-style-type: none">• Frisisiktsona er påført innanfor planområdet og endra i plankart• Fortauet følgjer vegen. Eventuelt kryssingspunkt fem meter frå krysset kan etablerast slik planen føreligg• Det føreligg ikkje planar om å oppgradere busshaldeplassen. Eventuell utviding vil finne stad utanfor planområdet• Maks. tal for parkering kan føre til uønska gateparkering• Min. tal for sykkelparkering teke inn i føresegnene, § 3.1.1 og 3.1.2• I tråd med planens intensjonar, teke inn i føresgene § 3.1.3 <p>Administrasjonen:</p> <ul style="list-style-type: none">• Planområdet ligg til kommunal veg og slik sett utanfor SVV sitt virkeområde. Dei råda som er gjeve er likevel i hovudsak teke omsyn til
Hordaland Fylkeskommune P.b. 7900 5020 Bergen	<ul style="list-style-type: none">• HFK meiner planområdet planframlegget er avgrensa på ein god måte mot Mjåtveitelva• Viktig at utbygginga har fokus på utforming og plassering av bygg• Utføring av skjeringar vert gjort på ein så lite skjemmande måte som mogleg• Etter justering av planområdet fell no kravet om kulturminneregistrering bort.	<ul style="list-style-type: none">• Teke til etterretning• Teke til etterretning, føresegnene § 2.2 og 2.5• Teke til etterretning, føresegnene § 2.5• Teke til etterretning, føresegnene § 2.7, aktsomhets- og varslingsplikt
Fylkesmannen i Hordaland Statens hus Kaigaten 9 5020 Bergen	<p>Motsegn 12.04.2013</p> <ul style="list-style-type: none">• Motsegn til planen pga mangelfulle føresegner til grøntarealet langs Mjåtveitelva• FM ynskjer ei omsynssone 5m frå elva• I føresegnene til omsynssona må tilhøva til ureining/partikkelavrenning og fjerning av vegetasjon takast i vare	<p>Plankonsulenten:</p> <ul style="list-style-type: none">• Omsynssone med avst. 15m frå elva lagt inn• Endra føresegner som skal hindre uønska tiltak langs elva, jf føresegnene § 3.4.2• Det er vidare sett krav om at VA-plan skal sendast FMHO før den vert godkjent av MK, jf føresegnene § 2.4.7• VA-planen skal skissere tiltaka som er naudsynt for å hindre avrenning av forureina vatn til elva og randsona til elva

	<ul style="list-style-type: none"> • Det bør ikkje leggjast opp til fyllingar nær elva <p>Trekkjing av Motsegn 28.05.2013</p> <ul style="list-style-type: none"> • FM har motteke endra framlegg til plankart og føresegner som gjer at motsegn vert trekt 	<ul style="list-style-type: none"> • Same føresegner for o_LNFRF01 som for o_LNFRN01, jf føresegnene § 3.3 • Inga fylling i nærliken av elva • Teke til etterretning <p>Administrasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> • I tilknytning til VA-plan vil det verte vurdert tiltak mot avrenning. Etablering av ”rensepark” som ved Mjåtveit næringspark kan vere aktuelt • Føreslegne tiltak synast elles fullnøyande
--	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Vurdering:

Etter offentlig ettersyn er det kome merknader og motsegn til framlegg til plan som har gjeve mindre endring i plankart og føresegner. Merknadane er handtert ved presisering i føresegnene og innføring av omsynssone i plankartet. Endringane har ført med seg at motsegna er trekt.

Tilhøve til Mjåtveitelva

Planområdet grensar opp til Mjåtveitelva og motsegna var knytt til sikring av grøntareala langs elva. Slik plandokumenta no er utforma skal ein ved gjennomføringa kunne ta nok omsyn til både friluftsområdet og sjølve elva. Det er lagt føringar for handtering av vatn og avrenning både under utbygging av feltet og for ettertida. Tiltak kan ikkje setjast i gang før VA-plan er godkjent som og gjeld handtering av overvatn.

Plansituasjon

Situasjonen på den delen av Frekhaug som denne planen ligg i, er under sterk utvikling. Etableringa av planområde Løypevona er i gang og det er planarbeid i prosess om utbygging av ungdomsskule. Tiltaka er i tråd med gjeldande arealplan, men samstundes dei siste større eksisterande utbyggingsfelt i sentrum av kommunen.

Framdrift og gjennomføring

Dersom det ikkje kjem opp framlegg til endringar i tilknytning til endeleg vedtak vert det gjennomført kunngjering om godkjent plan. Det vil samstundes eller seinare verte starta prosess med skiping av utbyggingsavtale, jf føresegene § 2.3

Utbyggingsavtalen vil innehalde rekkjefølgjekrava knytt til planen, jf § 2.4 i føresegnene og med ei skildring av kva, kven, når og korleis desse vert løyst. Dette gjeld mellom anna krav eller føring til utbyggingstakt som teke opp i UDU sitt vedtak i sak 117/12, den 11.12.2012. Utbyggingsavtalen skal på høyring og godkjennast av kommunestyret.

Konklusjon/oppsummering:

Under offentlig ettersyn har det ikkje kome merknadar, innspel eller klage som har gjeve grunn til å endra hovudføremålet med framlegget til plan. Innhald og utforming både av plandokument og skildra løysing for gjennomføring vert ført vidare som foreslått.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Meland kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12, framlegg til reguleringsplan for **Elvaåsen** (plannamn), med:

- planID 1256 2011 0003
- plankart av 29.04.2013
- føresegner av 29.04.2013
- planskildring av 17.08.2012”

18.06.2013 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Planansvarleg Hans Kristian Dolmen orienterte om planen og svara på spørsmål om parkeringsplass per bueining og om vern av elvemusling i Mjåtveitelva.

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG:

”Reguleringsplan, planområde Elvaåsen, må skyvast ut på ubestemt tid for å minska det store presset som alt er på utbygging, tilflytting og kommunalt kostnadsnivå. Planstart vil no ytterlegare svekka ein alt kriseprega kommuneøkonomi.”

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG, 2 røyster for, 7 i mot (FRP, H, AP, SP) og fall.

Framlegg til vedtak frå administrasjonen fekk 7 røyster for, 2 i mot (MDG, V) og er såleis vedteke.

UDU-034/13 FRAMLEGG TIL VEDTAK (MOT 2 RØYSTER):

”Meland kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12, framlegg til reguleringsplan for **Elvaåsen** (plannamn), med:

- planID 1256 2011 0003
- plankart av 29.04.2013
- føresegner av 29.04.2013
- planskildring av 17.08.2012”

Dette vedtaket kan etter pbl § 1-9, forvaltningslova § 28, påklagast innan 3 veker etter at ein har motteke melding om vedtaket. Sjå elles vedlagt skriv om klage.

19.06.2013 KOMMUNESTYRET

KS-046/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Saka vert trekt.”

25.09.2013 KOMMUNESTYRET

Sektorsjef Anny Bastesen orienterte.

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG:

”Reguleringsplan, planområde Elvaåsen, må skyvast ut på ubestemt tid for å minska det store presset som alt er på utbygging, tilflytting og kommunalt kostnadsnivå. Planstart vil no ytterlegare svekka ein alt kriseprega kommuneøkonomi.”

Avrøysting:

Framlegget frå Leif Johnsen fekk 4 røyster for, (2 V, 1 MDG, 1 SAM), 22 røyster mot, og fall.

Framlegget frå UDU fekk 22 røyster for, (H, AP, SP, FrP, KrF), 4 røyster mot, og er såleis vedteke.

KS-063/13 VEDTAK (MOT 4 RØYSTER):

”Meland kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12, framlegg til reguleringsplan for **Elvaåsen** (plannamn), med:

- planID 1256 2011 0003
- plankart av 29.04.2013
- føresegner av 29.04.2013
- planskildring av 17.08.2012”

Dette vedtaket kan etter pbl § 1-9, forvaltningslova § 28, påklagast innan 3 veker etter at ein har motteke melding om vedtaket. Sjå elles vedlagt skriv om klage.

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Plan Vest AS

Partar

Plan utbygging og kommunalteknikk